

Nr 1, februar 2012, årgang 1

Kyrkje og kultur i Sirdal



Nytt blad i Sirdal
side 2

Inkludering
side 4-5

Kulturkalenderen
side 12-15

Andakt

"... så glad eg var i dei ongan"

For nokre år sidan, gjorde forskarar ei undersøking om kriminaliteten i eit av slumstroka i New York. Det var dystre ting som kom fram. Men midt i det versete stroket fann dei eit lite område som skilde seg positivt ut. Dei leita etter ei årsak, men fann ikkje noko særskilt.

"Du verda kor glad Gud er i ongan sine"

namn som gjekk att - ei kvinne som hadde budd der og vore lærar i barneåra dei ra.

Dei fann fram til henne, men ho hadde vel ikkje gjort noko særskilt, meinte ho. Så fall ho i tankar, og så kom det stillferdig: "Men du verda så gla eg var i dei ongan".

Nå - i fastetida - møter du Jesus i møte med menneske. Ein av desse tekstane står i Johannesevangeliet, kapittel 3, vers 1-17 (du må gjerne lese fram til vers 22)

Du verda "kor glad Gud er i ongan sine". "... så høgt elsa Gud verda at han gav..."

Men kan då eg vera så mykje å elsa? Ein amerikansk forkynnar sa det slik: "The Lord loves you, and you can do nothing with that!" (Herren elskar deg, og det kan du ikkje forandra på)

Slik er det. Og vil du ha det svart på kvitt, så les Johannes evangeliet 1,12.

Lukke til—ta imot!

Tore Haughom

Velkommen til nytt blad!

Nytt blad, kvifor det?

Jau, vi vil laga eit lite blad som kan vera greitt å hengja på oppslagstavla di eller leggja i hylla heime. Eit blad som ein enkelt kan ta fram og kikka i når ein lurer på kva som skjer i Sirdal når det gjeld kyrkje og kultur. Eit blad for både voksne, barn og unge. Der du kan finna kven du kan kontakta om det er noko du lurer på, eller ein aktivitet du har lyst til å bli med i.

Kyrkje og Kultur i Sirdal

Vi har mykje felles innan kyrkje og kultur i Sirdal. Ein del felles arrangement, og vi har eit felles behov for å nå alle i Sirdal med informasjon om kva vi har av aktivitet og tilbod. Vi ynskjer og å skriva litt meir om aktuelle saker. Anna stoff som reportasjar og stoff med historisk

interesse vil det og koma. Miljøstoff og konkurransar er aktuelt.

Samarbeid og dugnad

Bladet vert laga av tilsette i kultureininga og kyrkja, og nokre faste frivillige. Vi tek gjerne mot gode tips og innslag, men må av omsyn til plassen avgrensa dette. Denne utgåva har 16 sider. Det kan endra seg, men vi tek ikkje sikte på å verta mykje større. Vi må avgrensa kostnadane. Takk til annonsørane som hjelper oss med å dekka utgiftene!

Når kjem neste nummer?

Vi tek sikte på å laga fire blad i året. Neste blad vil vi koma med i mai, så eit sist i august og til sist eit seinhaustes.

Lars Audun Fodstad

Miljøtipset: Sparedusj

V/Sven Sandvik

kan spare en tusenlapp i året ved å bytte til sparedusj.

En sparedusj til en drøy hundrelapp kan halvere utgiftene dine til dusjing. Det kan ført bety en tusenlapp spart i året.

En sparedusj er en dusj med små, trange hull. Den sender ut mindre vann enn en vanlig dusj, og gjør det til gjengjeld med større trykk. Mens eldre dusjer bruker opptil 24 liter per minutt, bruker sparedusjer omrent 6-10 liter i minuttet.

Varmtvann utgjør omrent 15 prosent av strømforbruket. Hvis du skifter til sparedusj, blir utgiftene til dusjing omrent halvert. En familie som i gjennomsnitt tar 20 dusjer å ti minutter per uke,

En hyggelig bieffekt er at en varmtvannsbeholder som før var for liten kan være stor nok for hele familien etter montering av sparedusj, fordi man reduserer varmtvannsforbruket dramatisk.

Kanskje du allerede har en sparedusj? Ta bøttetesten!

Skru på kaldt vann i dusjen, og fyll en ti liters bøtte mens du tar tiden. Er bøtta full på mindre enn 45 sekunder, bør du bytte til sparedusj.

Kilde: www.gronnhverdag.no

Korleis vil vi ha gudstenesta?



Det må no kvar kyrkjelyd ta stilling til. Fram til no har det meste vore bestemt sentralt, men no skal kvar enkelt kyrkjelyd vedta si lokale gudstenesteordning. Tanken er at gudstenesta skal vere meir lokalt forankra.

Skal alt avgjerast lokalt?

Nei, fortsatt er mykje bestemt sentralt, og mykje blir fortsatt likt i dei ulike kyrkjene rundt om. Men det blir nok større variasjon enn før på musikk, bøner og anna. Her hos oss har gudstenestetualet arbeidd med dette ei tid, og no er vår lokale ordning for hovudgudstenestene vedteken av soknerådet.

Blir gudstenesta heilt forandra?

Det meste blir som før. Inntil vidare vil vi brukha dei same melodiane på dei liturgiske ledda, slik som t.d. "Kyrie" og "Gloria" (Ære vere Gud i det høgste).

Det er laga mykje ny musikk, og etter kvart kan vi gjere oss kjende med noko av det.

Kva vil vi merka av nye ting?

Vi tek i bruk den nye oversettinga av "Fader vår"

Vi skal stå når vi syng første og siste salmen.

Etter klokkeringinga i starten blir det ei lita orientering om kva som skal skje i gudstenesta, som namn på dåpsborna. Orienteringa sluttar med orda: "Lat oss vera stille for Herren". Så kjem ei kort stille og tre slag med kyrkjeklokka før preludium og salme.

Etter inngangssalmen vil klokkar eller ein annan lese ei "samlingsbøn", litt som den gamle klokkarbøna vi hadde før 1978.

Under dei to første tekstlesingane, blir ein sitjande.

Kyrkjelyden skal vere med og seie fram svar eller deler av bøn litt fleire stader enn vi gjer etter gammal ordning.

Kva meiner du?

Når det har gått ei tid, vil vi vurdera ordninga. Kom gjerne med innspel på kva du synes er bra og kva du kunne tenkje deg annleis. Gudstenesta skal vera for alle, store og små.

Der er vi alle saman for Guds andlet
Hanne Fodstad

Eyvind Skeie kjem til Sirdal i april

Eyvind Skeie og Sirdal Blandakor skal framføre Sommerlandet torsdag 19. april kl 19.30 i Tonstad kyrkje. Eyvind Skeie les tekstane, mens Kristin Valle Printz er solist. Sommerlandet er eit konsertprogram med songar og fortelling. Tekstane er skrivne av Eyvind Skeie og musikk av Galib Mammadov som er organist i Kvinesdal.

Skeie skriv dette om verket:

Det er mitt ønske at konserter med

"Sommerlandet" både kan være en hjelp til å bearbeide egen sorg, fremstå som en solidaritetshandling med alle som har erfart sorgen og bli en stille feiring av håpets kraft i våre liv.

I forkant av konserten vil det kommunale kriseteamet i Sirdal, arrangere eit ope sorgseminar med Eyvind Skeie.

Kyrkje og kultur i Sirdal:

4 utgåver pr år.

Utgjevar: Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

Redaksjon: Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Per Øistein Rogstad.

Noahs ark-sidene: Ragnhild Maria Sandvik og Inger Solveig Høyland.

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Støtteannonsar:

Ta kontakt med: Per Øistein Rogstad.

Kontaktinformasjon:

Postboks 133, 4441 Tonstad

Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Inkludering:

Ikkje forskjell på fattig og rik

Mange nordmenn er nølande og usikre i starten, men etterpå er nordmenn «ærlege og gjer ikkje forskjell på fattig og rik, det har eg lært å setja pris på. Dette fortel Wei Xiao som har budd i Sirdal sidan 2005.

I møte med mange som har flytta til Sirdal, opplever eg samtalar om inkludering spennande. Er me eit innelukka folkeferd som klikkar skeptisk på nye? Er me rause eller redde? Svara er ulike som menneska sjølv er. I dag valde eg å oppsökja Wei for å prata rundt desse spørsmåla. Wei Xiao arbeider i det fine elevbiblioteket på Tonstad skule. Tidlegare budde ho og mannen Stein Bergsåker i Øvre Sirdal og var tilknytta Sinnes skule, no bur dei på Tonstad og Stein er rektor der. I 2005 flytta dei hit frå Kina, frå keisarbyen Xian. Med hit var også Alex, Wei sin son som no går siste året på Tryggheim vidaregåande skule.

Terrakottahæren

Xian er ein millionby, der budde dei gamle keisarane òg i 1972 fann ein «terrakottahæren», ein enorm hær soldatar og hærførarar, hestar og våpen i naturleg storleik, laga av terrakotta, i ein gravhaug, eit av verdas åtte underverk. Samlinga vart laga for 2200 år sidan til grava til den første keisaren. Wei arbeid-



de som guide for internasjonale turistar og med opplæring av unge guidar i Xian.

Ut på tur

At overgangen til livet i Sirdal var stor, er inga overdriving. Wei fortel: I Kina snakkar me om livet som ei reise. Då eg kom hit, ønskte eg møta nordmenn med eit ope sinn. Mange ting var vanskeleg å fatta, når Arnhild kom på døra og spurde om eg ville vera med å gå tur, sa eg ja, men kva var tur? Så gjekk me inn i naturen og gjekk der mellom trær og prata. I Kina møtes me på kafe, på butikkrunde eller i ein park, men me går ikkje rundt. No likar eg å gå inn i naturen. Då Alex hadde lært å gå på ski, så ville han ha meg med, så eg fekk meg ski og gjekk av garde. Det var nifst i starten, så likte eg det òg, for eg fekk det til.

Naboar tok kontakt

Noko anna Wei vil ha fram, er naboane som tok kontakt, kom og inviterte Alex med på ting eller freste bort snøen når vinteren kom. «Då vart eg trygg, eg

visste dei såg oss».

Wei fortel òg at norsklærarane, Anders og Olav, er dei beste i landet, det er ho sikker på. Eg trur nok ho var ein kjekk elev òg, lærde språket raskt og var nyfiken på korleis dette samfunnet her er.

Korsongar

Korsong var noko av det første ho vart med på, lenge før norsken var på plass, «men musikk er jo grenselauast» smiler ho. «Venninna mi, Arnhild, inviterte meg med. Ho har vore viktig for mi inkludering.» Å vera med i ein slik aktivitet, meiner ho er viktig. Ho snakkar også vakkert om Hanne og dei andre ho møter der, tilknyttinga til kyrkja har vore viktig og fin for å kjenna at ho høyrer til her. «Alex fekk som konfirmant praktiske oppgåver som han likte,» seier ho.

Må vera aktive sjølv

Wei er oppteken av at andre innvandrarar som kjem hit kan velja å leva isolert saman med dei som snakkar same språk, eller dei kan finna aktiviteter der dei møter nordmenn og etter kvart får mange kjende. Dei må vera aktive sjølv, er henhar meinig. Ho har sett at mange nordmenn er nølande og usikre i starten, men etterpå er nordmenn «ærlege og gjer ikkje forskjell på fattig og rik, det har eg lært å setja pris på. Eg er heldig som får verta kjend med norske born på skulen her,» er det neste ho vil fortelje oss.

Våg å leve, mens du gjer det

Eg lurer på om ho synes borna er litt lite disiplinerte i forhold til det ho kjenner frå Kina. Diplomatisk svarar ho at det er i så



fall ikkje borna si skuld, eg møtte ut-skjemde born i Kina òg, konkluderer ho. «Eg lærde eit ordtak eg likar så godt»

seier Wei og siterer: «Våg å leve, mens du gjør det, våg å elske mens du tør det,»

smiler Wei før me avsluttar ein særshygeleg prat.

I utgangspunktet ville eg skriva med eit litt kritisk blikk på vår inkludering, men

eg gjekk frå Wei og tenkte: Kor heldige me er som får mennesker som henne mellom oss. Ho ønskjer ikkje peika på det som kunne vore annleis, eg veit ho ser det òg, men for henne er det viktig å få fram alt ho er takksam for.

Solbjørg Tjørhom

Tonstad Gratis Bilvask

Få vaskekort
Få hver 6. vask gratis
i vår nye vaskeautomat

4440 Tonstad
Tlf 383 70048

Sirdal Håndlaft

Håndlafta hytter og annekts
Rehabilitering av gamle
bygninger og laft
Rehabilitering av skorstein/
pipe (foring)
Nye peiser og ovner
Salg av tretjære

Oftedal, 4440 Tonstad
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)




E-post:
post@oftnb.no



Noahsark

Løsning



Send løsningsordet inn til oss. Sjå adresse neste side.

Hei alle saman!


Denne sida er det kyrkjelydsarbeidarene som får lage. Vi er så heldige at vi får jobbe med barn og unge i kyrkja. Noahs ark-sidene er tenkt å vera for dykk som ikkje er vaksne ennå. Kvar gong dette bladet kjem ut, vil du finne igjen denne sida. Her blir det bilder, konkuransar, kanskje nokre glimt frå noko av det som skjer for barn i kyrkja vår og anna gøy. Vi håper at de kan hjelpe oss med å lage dette til ei flott side. Dersom de sender inn teikningar, vitsar eller svar på konkuransar, kan det hende de er så heldige å få det på trykk.



Ragnhild Maria Sandvik og Inger Solveig Høyland


Tysdag 20.mars kl 18 vil Tonstad barnekor framføre musikalen
«Hjertebarn»
i Tonstad kyrkje.

Musikalen vil også bli sett opp som skulegudsteneste for 1-7.klasse ved Tonstad skule same dag. «Hjertebarn» bygger på sentrale tekster i kyrkja si trusopplæring og består av 16 songar skrivne av Svein Kristian og Ragnhild Bakke Waale. Det startar med at Gud skapar verda og ender opp i misjonsbefalinga! Barnekoret er i full gong med å øve, men vil gjerne ha med fleire på prosjektet. Møt opp i festsalen på kulturhuset onsdagar 16.30-17.30



Småbarnstreff og babysang

Annan kvar onsdag føremiddag samlast ein god gjeng med voksne og barn i bedehuskjellaren til Babysong og småbarnstreff. "Dei store" (1 år+) vert med Inger Solveig opp i 1.etasje. Her kan barna vere utan eller med foreldre. Kvar gong opnar me skattekista og finn noko som kan brukast i forteljar-delen. Me syng i lag og leiker, lytter til eller dramatiserer bibelforteljinga. Barn heilt opp til 4.klasse er velkomne! Vi har valt onsdag nettopp for at skuleborna også kan bli med! "Dei små" vert att i kjellaren til ein halvtime med song, regling og ulike rørsleaktivitetar. Her er alt frå "Ride, ride ranke" til nye songar ein kan nyitta til kveldsbøna. Etterpå samlast alle til felles lunsj i kjellaren. Vi har plass til fleire. Hjarteleg velkommen!



Teikna av Andreas Høyland

Du er velkommen til dei ulike aktivitetane våre:

Sprell levande, Kvævemoen kapell
kl.17-18.30 den 6/2, 27/2, 19/3, 16/4
og 7/5

Cantarellene, musikkrommet på
Tonstad skule, tysdagar 13.50-14.50

Tonstad barnekor, festsalen i
kulturhuset, onsdagar kl.16.30-17.30

Babysang og småbarnstreff,
bedehuset, onsdagar i oddetalsveker
frå 10.30-12.30

For meir info sjå www.sirdal.kyrkja.no



Egg og påske.

Teikningane over er frå påskeforteljinga. Påsken handlar om at Jesus døydde på krossen og stod opp att. Då Jesus var død la dei han i ei grav. Dei sette vakter til å passa grava. Men etter tre dagar, stod Jesus opp att. Han vart levande og kom ut ur grava. Venene hans fekk treffa han og gleda seg over det.

I påsken er det vanleg å pynta med egg og kyllingar. Egget er så sterkt knytta til påskefeiringa at me i Noreg et dobbelt så mange egg i påskeveka som andre veker. Allereie før me feira påske i Noreg nytta dei egg i vårfeiringa. Det var då teikn på livskraft og nytt liv. Etter ein lang vinter, byrja hønene å verpe att når sola kom fram frå vintravalen. I den kristne tradisjonen, er egget eit symbol på Jesu oppstode og nytt liv. Dekorering av egg starta veldig tidlig, og det eldste dekorerte egget som er funne, er frå ca 300 e.Kr.

Du kan pynta eggaga slik:

Bruk hardkokt, fortsatt varmt egg. Teikn mønster på det med eit kvitt stearinlys. Dekk heile egget med vannfarge. Der det er stearin vil ikkje fargen festa seg. Effekten vert eit fint batikkliknande mønster.

Desse eggaga set ein ekstra spiss på påskefrukosten!

Teiknekonkurranse:

Vi vil gjerne motta teikningar med tittelen "Kyrkja mi". Send til oss i posten eller stikk innom kyrkjekontoret. Adr: Kyrkja i Sirdal, Pb.133, 4441 Tonstad. Me trekker ut to teikningar som kjem på trykk i neste nummer!

Fasteaksjonen 2012

Dei livsviktige grønsakene

Catarina Ramirez er takksam for grønsakene som veks i drivhuset. Støtta frå Kirkens Nødhjelp er grunnen til at ho kan gje døtrene næringsrik mat og viktig skulegang.

- Vitaminer, utbryt Catarina og smiler nögd. Ho og dottera Anabella har akkurat plukka korga full av fargerike paprika. I det karrige landskapet 2500 meter over havet er det ikkje alt som vil gro. Tørke to år på rad har ført til at store avlingar har gått tapt og prisen på matvarer som blir selde på marknaden, har gått til vers. - Eg er ofte uroleg for kvar eg skal få pengar til mat. Av og til har eg ikkje nokon ting. Då bed eg til Gud, fortel Catarina. Det høgaste ønsket hennar er å gje døtrene Anabella (14) og Marta (11) skulegang og utdanning. – Utan utdanning kan ein berre få jobb som vaskehjelpe for familiar med pengar. Eg vil ikkje at døtrene mine skal li same lagnaden som meg. Med utdanning har dei rettar i samfunnet og dei kan få ei ordentleg løn, seier den tapre mora. Ho fortel at skulegangen er gratis, men at gymtøy, skrive-saker og uniform må familiane sjølve betala.



I Guatemala er 60 % av innbyggjarane i landet urfolk, av mayaslekt. I 1996 blei ei rekke fredsavtalar undertekna etter ei over 30 år lang og blodig væpna konflikt der urfolket leid ein hard lagnad. Gjennom CIEDEG, ei samanslutting av protestantiske kyrkjer i Guatemala, jobbar Kirkens Nødhjelp blant anna med støtte til sårbare grupper.

- Underernæring er ei stor utfordring blant mayafolket, fortel Hugo Garrido,

Catarina Ramirez frå Guatemala har fått startstøtte frå Kirkens Nødhjelp til å dyrka grønsaker i drivhus. No gjev ho døtrene næringsrik mat og tener pengar nok til at jentene kan gå på skule. Catarina trur at ei framtid utan fattigdom er mogleg. Her er ho saman med dottera Anabella (14).

Foto: Laurie MacGregor/Kirkens Nødhjelp

leiari i CIEDEG. Organisasjonen har gjennomført undersøkingar som viser at mange born lir av mangelsjukdomar og har svak helse på grunn av einsidig kost og for lite mat. - Nokre av desse problema stammar frå konflikten då mange blei jaga på flukt og måtte busetje seg i område der dei ikkje hadde kunnskap om jorda dei dyrka. Kombinert med tørke- og regnperiodar som var uråd å varsle, har mange menn flykta til byane for å finna arbeid, medan kvinnene blir verande på landsbygda med ansvaret for familien.

Difor har CIEDEG starta kvinnegrupper der det blir gitt opplæring i berekraftig jordbruk og støtte til å bygga drivhus. Catarina er ei av kvinnene som deltek i prosjektet. I drivhusa veks no grønsaker som elles ikkje gror i høgda. Grønsaker som gjev livsviktig næring og sårt til-trengd inntekt.

FAKTABOKS

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 25. – 27. mars
Over éin milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferda tek menneskeliv kvar dag. I år set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon fokus på økonomisk ret-

ferd. Saman kan vi kjempa for ei framtid utan fattigdom. Det er kyrkjelydar landet rundt som står for gjennomføringa av Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Sirdal kyrkjelyd arrangerer aksjon 27. mars. Pengane som blir innsamla går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.

Støtt aksjonen direkte ved å:
Nytte kontonummer 1594 22 87493

Senda ein sms <KN200> til 2090 (200 kr)

Ringje gjevartelefon 820 44 088 (200 kr)



Vi er alltid tilgjengelige
når dere trenger vår hjelp

Tonstadvegen 105,
4436 Gyland

Vakttelefon
489 55 200

Eilif Sandvand Galdal
91880109

Oddvard Galdal
95974136

www.listerbegravelse.no



Nærbutikken, Tonstad



Tonstad Autosenter
Statoilservice, Tonstad
Åpent hver dag til kl 22.00

Tonstadv. 17, 4440 Tonstad.
38370142

Flekkefjord og Treland Begravelses- byrå

Kenneth Trælandshei
Strandgt. 38
4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 22 27
Mobiltlf. 950 50 700

Byrået med erfaring
og lokale tradisjoner
Døgnvakt

SKRIFTHUGGER
kommer til kirkegårdene i
fra 11/4 2012

**Haugom, Tonstad, Lunde
og Kvævemoen**

**Navnetilføyelser, oppfriskning av
gravmonumenter, omslipinger
utføres på stedet**

**Ring for info og bestilling snarest.
Johan Egeland, Kvinesdal
Tlf: 901 07 649**

Våre støttespelarar

Coop Marked Tonstad
Tonstadv 27, 4440 Tonstad,
tlf 38370123,
E-post: tonstad@marked.coop.no

Fjellbutikken AS
Suleskard, 4443 Tjørhom, 38370010
E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

Fokus Næringselskap
E-post: post@fokus.naeringsselskap.no
Web: www.fokus.naeringsselskap.no

GP Tjørhom
Svartevatn, 4443 Tjørhom, 38371241
E-post: joker.sinnes@ngbutikk.net

Sageneset feriesenter a/s
Nesset, 4443 Tjørhom, tlf 38371300
E-post: feriesenter@sageneset.no
Web: www.sageneset.no

Sira-kvina kraftselskap
Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00
E-post: post@sirakvina.no
Webadresse: www.sirakvina.no

Sirdal Regnskapslag
Postboks 113, 4441 Tonstad
tlf 38377490, e-post: post@srlag.no,
Web: www.srlag.no

Sirdalshytta
Postboks 143, 4441 Tonstad
tlf 38377880
e-post: post@sirdalshytta

Sirekroks Landhandel
Omli, 4440 Tonstad, tlf 38371857

Sparebank 1 SR-Bank
Pb 24, 4441 Tonstad, tlf 02002
tom.leif.rusdal@sr-bank.no/astri.ousdal@sr-bank.no.
www.sr-bank.no

Tonstad Bakeri
Yttergarden 12, 4440 Tonstad 8370114, e-
post: bagaren@online.no

Tonstad Foto og Papir
Josdalsv 2, 4440 Tonstad
tlf 38370455,
e-post: tonfot@online.no

Kyrkjessenteret i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadvegen 25
Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad
www.sirdal.kyrkja.no

Telefon:38371600
Telefaks:38371601

Sokneprest Sigurd Flydal:
prest@sirdal.kyrkja.no/45248536

Kyrkjeverje Per Øistein Rogstad:
pr@sirdal.kyrkja.no/41457584

Kyrkjelydsarbeidar Ragnhild Maria Sandvik
rms@sirdal.kyrkja.no/93652713

Kyrkjelydsarbeidar Inger Solveig Høyland
ish@sirdal.kyrkja.no/95202865

Organist Hanne Birgitte Fodstad
organist@sirdal.kyrkja.no/97678368

Haugom kapell:
Arne Skregeli, kyrkjetenar
Rona Beth Dacara Testad, reinhaldar

Tonstad kyrkje:
Tone Marit Bjørnestad, kyrkjetenar

Lunde kyrke:
Karl Edvald Fjeldsaa, kyrkjetenar
Gunn Siri Ousdal, reinhaldar

Kvævemoen kapell:
Ester Tjørhom, kyrkjetenar

Sirdal sokneråd
Arnild Børndal, leiar, tlf 92623265
Johannes Tjørhom Hompland
Svein Arnfinn Hompland
Inger Johanne Ousdal, nestleiar
Kent Henrik Seland
Velaug Ådheram.

Vara: Ingunn Berstad Tonstad
Karen Solveig Tonstad
Stein Bergsåker

Kvinatunbasar

Fredag 23 mars kl: 18.00. En gjeng glade jenter i alle aldre er klar for basar på Tonstad bedehus. Noen av gevinstene lager vi, og noe kjøper vi, men det blir masse fine ting. Vi får besøk av Hilde Stakkeland som er barnearbeider i IMF Sør. Velkommen til basar.

Storsamlinger på Tonstad Bedehus

Velkommen til storsamlinger på Tonstad bedehus. Samlingene starter kl 17, og det er søndagsskole og kveldsmat 19. februar, 4. mars, 18. mars, 25. mars, 15. april, 29. april.

Møter i Øvre Sirdal.

Første tirsdag hver måned er det møter på Tjørhom helsehus eller på Omlid bedehus. Datoer for våren 2012: Omlid: 7 feb, 3 April, 5 Juni. Tjørhom helsehus: 6 mars, 1 mai. Hjertelig velkommen.

**Tveit og
Tjømlid**
Alt i graving, sprenging og
massetransport.

Oftedal, 4440 Tonstad
mob 915 13 408
E-post: post@oftnb.no



Ordner gravminne



I april kjem Morten Gautvik og Johan Egeland til kyrkjegardane i Sirdal. Dei kan hjelpe til å renovere gravminne på gravplassen. Omsliping, tilføyning av namn og oppfrisking av gravminne kan gjerast på staden. Dei har vore på kyrkjegardane fleire år tidlegare, og ser fram til å kome attende til Sirdal.

(foto: Tom Arild Støle, Farsunds Avis)

Landes Begravelses- byrå as

Når du trenger oss

**Døgnvakt tlf.
90098006**


Elveg. 15 4400
Flekkefjord
tlf. 38 32 1122

Vel komen til Kyrkje



12.februar kl. 11.00
5.søndag i openberringstida
Tonstad kyrkje
 Barnas misjonsdag
 Cantarellene
 Utdeling til 4.klasse
Offer til NMS

19.februar kl.11.00
6.sundag i openberringstida
Lunde kyrkje
 Gudsteneste med nattverd
Offer til Israelsmisjonen

22.februar kl.19.00
Askeonsdag
Tonstad kyrkje
 Fastegudsteneste m. nattverd
Offer til Kirkens bymision

26.februar kl. 11.00
1.sundag i fastetida
Tonstad kyrkje
 Gudsteneste
Offer til Bibelskapet

26.februar kl.19.00
1.sundag i fastetida
Kvævemoen kapell
 Gudsteneste med nattverd
Offer til Normisjon

11.mars kl.18.00
3.sundag i fastetida
Tonstad bedehus
 Årsfest. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.

18.mars kl. 11.00
4.sundag i fastetida
Tonstad kyrkje
 Gudsteneste.
Offer til Normisjon

20.mars kl.18.00
Tonstad kyrkje
 Musikalen "Hjertebarn"
 Tonstad barnekor

25.mars kl. 11.00
Maria bodakspsdag
Haughom kapell
 Gudsteneste. Nattverd.
Offer til KRIK

25.mars kl 17.00
Maria bodakspsdag
Tonstad kyrkje
 Myldremesse. Spesielt for 0-2 år. Babysang

1.april kl.11.00
Palmesundag
Tonstad kyrkje
 Gudsteneste. Offer til KN

5.april kl.18.00
Skjærtorsdag
Tonstad kyrkje
 Gudsteneste med nattverd
Offer til Kirkens SOS

5.april kl.20.00
Skjærtorsdag
Lunde kyrkje
 Gudsteneste med nattverd
Offer til Kirkens SOS

6.april kl.13.00
Langfredag
Kvinen
 Familiegudsteneste

6.april kl.19.00
Langfredag
Kvævemoen kapell
 Gudsteneste
Offer til Sjømannsmisjon

6.april kl.21.00
Langfredag
Tonstad kyrkje
 Pasjonsandakt.

7.april kl.14.00
Påskeaftan
Fjellmuseet
 Familiesamling

7.april kl.23.00
Påskennatt
Kvævemoen kapell
 Påskennattsmesse. Nattverd.
Offer til Normisjon prosjekt

8.april kl. 11.00
1. Påskedag
Tonstad kyrkje
 Høgtidsgudsteneste. Nattverd
Offer til NMS prosjekt

9.april kl.19.30
2.påskedag
Haughom kapell
 Felleskristeleg gudsteneste
Offer til Blå kors

15.april kl.11.00
2.sundag i påsketida
Tonstad kyrkje
 Påskefest/familiegudsteneste.
 Utdeling til 4-åringer.
Offer til kyrkjelydsarbeidet

15.april kl 17.00
2.sundag i påsketida
Kvævemoen kapell
 Påskefest/familiegudsteneste.
 Utdeling til 4-åringer.
Offer til kyrkjelydsarbeidet

19.april kl 19.30
Tonstad kyrkje
 "Sommerlandet" Konsert med Eivind Skeie og blandakoret.

22.april kl 11.00
3.sundag i påsketida
Tonstad kyrkje
 Familiegudsteneste
 Innslag av Tårnagenter
Ofring Vest-Agder søndagsskole

29.april kl 11.00
4.sundag i påsketida
Lunde kyrkje
 Høgmesse med nattverd
Offer til NLM

6.mai kl 14.00
5.sundag i påsketida
Eliastunet
 Familiesamling m/Jarle WaldeMAR. Ta med grillmat.
 Arr: Syskenringen



Kultur K A L E N D E R



Billettkjøp på internett:
www.sirdal.kommune.no
eller på Tlf. 38 37 90 00
(Servicetorget)

ARRANGEMENT

TORSDAG 9. FEBRUAR

Bygdekveld
Stad: Sirdal kulturhus
Tid: 20:00

FREDAG 17. FEBRUAR

Riksteatret: Frøken Julie
Stad: Sirdal kulturhus
Tid: 19:30

TORSDAG 23. FEBRUAR

50- og 60 tals kveld
Stad: Sirdal Fjellmuseum
Tid: 19:00

ARRANGEMENT

TORSDAG 8. MARS

UKM
Stad: Sirdal kulturhus
Tid: 19:00

ONSDAG 21. MARS

Riksteatret: Teddy og Marian
Stad: Sirdal kulturhus
Tid: 18:00

LAURDAG 31. MARS

Konsert: Jørn Hoel og
Steinar Albrigtsen
Stad: Sirdal Kulturhus
Tid: 20:00

FASTE AKTIVITETAR

SIRDAL KOMM. KINO

Fast kinovisning kvar sundag og
onsdag. Nokre fredager er det
noregspremiere.

TONSTADBÅDET

Faste opningstider er:
Tysdag & torsdag 16:30 - 21:00
Annakvar laurdag 11:00 - 17:00

BIBLIOTEK

Opningstider Tonstad:
Måndag & onsdag 11:00 - 19:00
Fredag 09:00 - 16:00

Opningstider Sinnes:
Måndag & torsdag 17:00 - 20:00



Riksteatret: Frøken Julie

Fredag 17. februar kjem Riksteatret til Sirdal med forestillinga Frøken Julie av August Strindberg.

Frøken Julie er eit psykologisk drama om fridom, maktkamp og begjær. Eit ungt kunstarisk team frå Riksteatret, med Kristina Kjeldsberg som regissør, utfordrar Strindberg og spør:

Kva vil den unge kvenna i dag, ho som tilsynelatande har alt? Kva skjulte maktstrukturar beveger me oss i no, som òg eksisterte i Strindberg si samtid? Og er det mogleg å bryte med desse utan sjølv å gå under?

Om forestillinga:

"Vel møtt til midtsommarfest og ein trekant som pulserar av maktkamp og begjær. Frøken Julie har alt ein kan ønske seg, bortsett frå fridom. Ho er ung og rastlaus, og ho gjør opprør mot konvensjonar. I sommarnattakastar ho seg ut i eit forhold til ein av tenarane, dette syner seg å vera ein farleg leik..."

Vel møtt til ei ny og spennande oppsetjing av ein gamal klassikar!



Bygdekveld:

Torsdag 9. februar kl. 20:00 er det klart for Bygdekveld i Sirdal kulturhus.

Program for kvelden:

- Premiering av ivrige turgåarar gjennom FYSAK / postkassetrim
- Bilete og historie frå landslagskokka Torbjørg Haugen
- Sirdal Blandakor: "Sommar i Tyrol"
- Mållaga på Agder deler ut Nynorsk Næringslivspris
- Pause med smakebitar frå Sirdal Tradisjonsmat/Torbjørg Haugen
- Utdeling av Idrettsstipend og Kulturstipend
- Mini-konsert med "Myrull"

Alle er vel møtt! Fri entré!

Bygdekveld i
Sirdal kulturhus

TORSDAG
9. FEBRUAR
KL. 20.00

Premiering av ivrige turgåarar gjennom
FYSAK / postkassetrim

Sirdal Blandakor: Sommar i Tyrol

Mållaga på Agder deler ut Nynorsk
Næringslivspris

Pause med smakebitar frå Sirdal
Tradisjonsmat/Torbjørg Haugen

Utdeling av Idrettsstipend og
Kulturstipend

Mini-konsert med "Myrull"

ALLE ER VEL MØTT!



Riksteatret: Teddy og Marian

Onsdag 21. mars kjem Riksteatret med førestillinga Teddy og Marian.

Ta med kosedyret ditt på teater og bli med på bamsefest! Med utgangspunkt i Alf Prøysen si "Teddybjørnens vise", har Riksteatret laga ei førestilling med herlige songer og morsomme kosedyr. Før teateret er alle born og kosedyr invitert til eit besøk hos bamsedoktoren i kulturhusets foajé. Stykket passar for born fra 3 år.



Ungdommens Kulturmønstring

Lokal mønstring i Sirdal Kulturhus
TORSDAG 8. MARS KL. 19:00

Meld deg på: www.ukm.no

50-60 tals kveld:

Opplev dei optimistiske 50 - og 60 åra gjennom mote, mat og musikk!

Torsdag 23. februar er det dei gode minne frå 50- og 60 talet som står for tur på Kvæven.

Museumsleiar, Renate Stokkeland, håper mange finn vegen til fjellmuseet denne kvelden.


Det vert konsert med "Fat 50's" - eit band som består av Cato Svindland (slagverk), Ivar Roda (bass), Sven Erik Valle Printz (keyboard og vokal) og Kaare Lauridsen (gitar og vokal).

Bandet formidlar sin lidenskap for 50-60 tals musikk og Elvis.

Du kan lese meir om programmet på kommunen si heimeside.

Vel møtt til fjellmusèet kl. 19:00!

Bilete under: "Fat 50's"



Konsert: Roots– og soulkameratar i tostemt lune!

Laurdag 31. mars er det klart for konsert med Hoel & Albrightsen i Sirdal kulturhus.

Dei to barndomsvenene har blitt eit omgrep hos det norske folk, kvar for seg som soloartistar og som suksess i saman som ein duo. Ein aften med Hoel og Albrightsen er ein flott kombinasjon av tostemt musikalsk presisjon og ei mimrestund for dei som elskar akustisk musikk.

Den fine balansen i Hoel si stødige harmonisong i fri og leken dressur, vel akkompagnert av Albrightsen etter alle gitarkunstars reglar - vel møtt til ei flott musikalsk oppleving i kulturhuset! På programmet finn ein ei god blanding av velkjende "gamle hits" og nyare låtar frå plata "Two Rivers One Road".



Informasjon frå lag og foreiningar:

SIRDAL HISTORIE– OG KULTURVERNLAG:

Torsdag 1. mars kl. 19:00 - Sirdal Fjellmuseum: Minnekveld frå kraftutbygginga. Alle er vel møtt og spesielt dei som var med på denne viktige epoken. Ta gjerne med ei historie eller to, slik at me kan mimra i lag! Enkel servering.

Tysdag 6. mars kl. 19:00 - Sirdal kulturhus: Minnekveld frå kraftutbygginga. (sjå omtale ovenfor).

SUNDAG 29. APRIL KL. 19:00 - Sirdal kulturhus: VÅRFEST! John Skien, kjent programleiar i TV, kåserer over "Mangt å minnast". God mat og gode tonar. Entré kr. 100,-

VANNGYMNASTIKK

Folkehelse: Vanngymnastikk i Tonstadbadet, torsdagar kl. 16:30 - 17:15 (annakvar veke). Ta kontakt med kommunefysioterapeut for påmelding - Tlf.: 916 54 908.

FITCAMP - SAGENESET FERIESENTER

30. august - 2. september: For deg som elskar fysisk aktivitet og nye utfordringar! Me ønskjer å gje deg ei unik langhelg saman med nokre av Noregs beste trenarar og idrettsutøvarar. Det vert fysisk aktivitet, god mat, foredrag m.m. Sjå meir informasjon på: www.fitcamp.no





Frå fotograf T. Dahl si skattekiste...

Det er fleire bilete i samlinga til T. Dahl som ein ikkje har funne opplysningar til. Kjener du att personen på dette biletet, eller har du anna informasjon? Då kan du ringe inn til oss på kulturkontoret, tlf.: 38 37 90 70 eller sende E-post til: gko@sirdal.kommune.no